



Blånebb. Foto: Nils Røv

TUR T20 2 dager

Fjell vest i Trollheimen

Helgetur på toppar utanfor allfarveg



Eg låg attom ein stor stein øvst i Fauskådalen. Seint om kvelden steig fullmånen opp over Skrådalsfjellet og Karlsvogna sto høgt på nordhimmelen. I grålysinga neste morgon vart eg vekt av ein jaktfalk som skreik oppe i hamrane høgt i Skinnfjellberget. Eit vilt og klagande skrik, ei helsing mot ein ny dag i ei tidlaus villmark. Eg vart lys vaken og kom meg ut av soveposen. Det var frost i myrane og lufta var skarp. Eg tende opp eit kaffibål av dei tørre bjørkekvistane eg raska saman i går kveld. Ein fjellrypestegg skarrar oppe i steinura og nå som sola stig opp over Vassdalskammane, stryk ein

mild landvind over fjellet og ber bod om ein fin dag for fjellvandrarane. Da minnest eg bygdediktaren sine ord: «Det tonar så ofte ein song i mitt sinn. Han kjem her med måne og synnaversvind.»

Framfor meg ligg Blånebb, 1421 m, ein av fleire mektige fjelltoppar i dei vestlege delane av Trollheimen. Her er det enno ikkje lagt til rette for turistar. Ingen raudmerka løyper eller stier viser kvar leia går. Ein må finne fram på eiga hand etter kartet eller spørje kjentfolk. Det er mest bygdefolk som går i desse fjella.

Det er lettast å nå desse vestlege fjellområda i Trollheimen frå Vindøldalen. Hit kjem ein ved å ta den bratte vegen opp frå Surnadal. Vegen er stengt ved Pebua, men den går vidare langt inn dalen. Eller ein kan ta seg over frå Trollheimshytta. Det er ikkje overnattingskvarter i dalen, men mange private hytter og setre og mange gode teltplassar. Barn frå 9 – 12 år kan godt vera med på toppturar i området.



Blånebb

Blånebb har fleire toppar langs ein fjellrygg på 3 - 4 km. Saman med Pekhøtta, 1396 m, Fruhøtta, 1435 m, og Rognnebb, 1497 m, dannar ho eit vilt fjellandskap sør og vest for Vindøldalen. Fjella er forma som skarpe egger med djupe dalar på båe sider. I dalbotnane ligg snøfonner og mørke fjellvatn omkransa av bratte berg og storsteinut ur. Blånebb er av dei fjella som blir oftast besøkt. Mange går opp frå Søyådalen, forbi Storfauskåvatnet og vidare langs fjellryggen mot toppen. Om ein startar frå Vindøldalen, kan ein gå opp langs Fauskåa inst i Vindøldalen. Det er òg mogleg å



Fruhøtta. Foto: Nils Røv

gå opp frå Eiterdalen, men her er det nokså bratt og vanskeleg å ta seg fram. På toppen av Blånebb ligg det ei rekkje med store vardar, den yste mot vest ligg heilt ute på "nebben" som truleg har gitt fjellet namn. Her går bergveggen fleire hundre meter rett ned mot eit isblått fjellvatn. Ein ser bratte fjell på alle kantar, med svarte hamrar og grøne lier ned mot dalane. I nordvest kan ein på ein klår dag sjå Tustnastabbane mot havet, og på hi sida Todalsfjella og toppane i Innerdalen. Både Snota, Neådalsnota og Trollhetta er kjente fjell i synsrande.

Pekhøtta og Fruhøtta

Dersom ein startar tidleg om morgonen kan ein gå vidare ned eggen sørover frå Blånebb og så klatre opp steinura på andre sida mot til toppen av Pekhøtta. Dette er ein av dei "luftigaste" toppane i Trollheimen, med bratte fjellsider på alle kantar. Nedturen går vidare ned fjellkammen mot søraust til Nordåbotnskaret. Her går ein gammal ferdselsveg mellom seterdalane Vindøldalen og Romådalen. Leia gjekk inn Eiterdalen, over skaret mellom Fruhøtta og Rognnebb, og så vidare ned til Storbotn og Romådalen. Frå skaret kan ein ta ryggen opp på Fruhøtta. Det er greitt å gå ned i Eiterdalen og vidare heimover til Vindøldalen, eller ein



Rognnebbha. Foto: Nils Røv

kan gå den gamle leia mot Todalen. Det er mogleg å gå opp over både Blånebbha, Pekhøtta og Fruhøtta på ein dag, men det blir ein lang dag.

Rognnebbha

Etter turen over Blånebbha og Pekhøtta er det fint å overnatte oppe i Nordåbotnskaret om ein har med sovepose. Da kan ein klive til topps på Rognnebbha og Fruhøtta dagen etter. Det blir ein "topptur" det står respekt av. Rognnebbha er kanskje den prektigaste toppen heilt vest i Trollheimen. Ho ligg langt unna allfarveg og ikkje mange finn vegen hit opp. Ein kan klive opp til Rognnebbha frå Nordåbotnskaret. Det er ein bratt tur opp ura. Ein dagstur til Rognnebbha er greiast å ta opp Fagerlidalen og opp fjellryggen frå aust.


Kart:

1:50 000 Snota eller turkart 1:75 000 Trollheimen.

Meir om området:

Gunnar Bureid, Topper utenfor allfarvei, DNTs årbok 1996, Trollheimen

Nils Røv



Vindøladalen i Surnadal er et flott utgangspunkt for vårskiturer til topps som tidligere på vinteren har vært utilgjengelige. Foto: Kristen Mogstad

Skardet på Rognnebbha

Oppe på toppen av Rognnebbha er det eit djupt skar i fjellet som det kan vere vanskeleg å koma over, alt etter snøforholda. Den namngjetne jegeren og fjellkaren Anders L. Holten har fortalt om ei dramatisk hending her oppe. Når eg voks opp som gutunge i Surnadalen var han kjent som "gammel-Anders Stobakkå". Han var da omkring 80 år gammal men dreiv framleis jakt i fjellet. Bygdediktaren Hans Hyldebakk har skreve ned forteljinga til Anders, om den gongen han var på rypejakt i Rognnebbha (i "Gamalt frå Surnadal" 1972). Dei som har vore på denne fjelltoppen vil kjenne igjen landskapet i forteljinga: "Fjellet og flaugene har aldri vore gjestmilde vertar vinters dag. Når han før åleine i alle slag ver og føre, heldt det nok ofte på å bera ille av stad. Men som oftest gjekk det godt etter gala tilbeining. Oppi Rognnebbha i Vindøladalen vart han ille stedd på ei av jaktferdene sine. På toppen av Rognnebbha var det eit djupt skar, som gjekk tvers gjennom fjellet. Det var så djupt at han såg ikkje botn i skaret. På den

eine sida i denne rivna var det ei hylle i fjellveggen om lag ei aln brei. Etter denne hylla aka han seg bortover fjellveggen eit langt stykke. Men best det var var hylla og stigen slutt. Det tok til å mørkne. Skulle han snu og gå tilbake? Einaste utvegen var å hoppe over den djupe avgrunnen. Hadde han berre gjort det med ein gong, hadde det gått godt. Men da han gav seg til å spekulere, kom tvilen over han, så det vart berre verre og verre å klemme til med hoppet. Men mørkret vart stinnare etter kvart, og noko laut gjerast. Sistpå rekna han ut at når han berre la seg dugeleg framover i hoppet, skulle han greie å nå kanten på hi sida. Endskapan vart at han klemde til og tok spranget, og han nådde så vidt landet på andre sida så halvparten av skosolane hans nådde innpå fjellgrunnen. Men det hadde aldri gått vel om han ikkje hadde lagt seg så mykje frammi, fortalde han meg. Så vågsamt eit sprang hadde han aldri gjort anten før eller sia."

Nils Røv



På toppen av Rognnebbha med Pekhøtta og Blånebbha i bakgrunnen. Foto: John Bjarne Svinvik